

# Årsmelding

- for kyrkjelydane i Finnøy

# 2023

*Meir himmel på jorda*

Foto: Arne S. Mossige

Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn



DEN NORSKE KYRKJA  
Kyrkja i Finnøy

*Meir himmel på jorda*

# Årsmelding 2023

## Kyrkja i Finnøy

Hesby sokn

Sjernarøy sokn

Talgje sokn

### Innhaldsliste:

Generelt for Kyrkja i Finnøy.....	s. 3
Hesby sokn.....	s. 7
Sjernarøy sokn.....	s. 11
Talgje sokn.....	s. 15
Statistikk.....	s. 20
Ymse felles.....	s. 23

# *Meir himmel på jorda*

## Kyrkja i Finnøy

**Visjon Den Norske Kyrkja:** *Meir himmel på jorda*

Kyrkjelydane i Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn, er ein del av Stavanger kirkelige fellesråd, Tungenes prosti, Stavanger Bispedømme og deler Den Norske Kyrkja sin visjon:

*"Me er sendt av den treeinige Gud for å dele evangeliet om Jesus Kristus i ord og handling" "I Kristus, nær livet" – ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekirkje. Vedkjennande ved å dele og gi vidare trua på den treeinige Gud. Misjonerande ved å vitne om Jesus Kristus lokalt og globalt saman med den verdsvide kyrkja. Tenande ved å vise omsorg gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, kamp for rettferd og vern av skaparverket. Open ved å utvikle fellesskap som verdset mangfald og respekterer ulikskapar.*

I tillegg har kvart av sokna i Finnøy eigen visjon:

**Hesby – *Meir himmel på jorda***


**Sjernarøy - *Velkommen til kyrkja***

**Talgje - *Meir himmel på jorda – ei kyrkje som bryr seg, inspirerer og inviterer til tru og teneste.***

# *Meir himmel på jorda*

## Kyrkja i Finnøy

I Finnøy har me tre sokn og totalt seks gudstenestestader (kyrkjelydar). Hesby sokn er Finnøy, Sjernarøy sokn er Ombo og Sjernarøyane og Talgje sokn er Bokn, Byre, Fogn, Halsnøy, Måløy og Talgje.



Finnøy kommunedel hadde ved årsskiftet 3424 innbyggjarar, som er ein auke på 2,7 % frå i fjar. Medlemstala i Den norske kyrkja er 2410 personar, 519 av desse er under 18 år, og høyrer inn under trusopplæringsår.

# *Meir himmel på jorda*

## **Kyrkja i Finnøy sine tilsette 2023**

**Terje Engstrøm** – Sokneprest Hesby sokn 100%

**Ola Aasland Vold** – Sokneprest i Sjernarøy og Talgje sokn 100%

**Heidi Bø Sangedal** – Dagleg leiar 75% og 25% gravplassforvaltning

**Ingvild Angelskår Moen** – Diakonimedarbeidar i 100%

**Brenda Talgø Kolstadløkken** – Utadretta medarbeidar 50% frå og med 1. des.- 23 40 % hjå oss og 60 % på servicetorget på kyrkjeverjekontoret.

**Reidun Aabrekk Bråtveit** – Trusopplærar 50%

**Bjørn Terje Bertelsen** – Kantor i Hesby kyrkjelyd 40% og Fogn kyrkjelyd 10%

**Silje Aandstad** – Kantor 10% Talgje kyrkjelyd

**Arne Martin Aanstad** – Kantor 30 % Halsnøy, Jørstad og Sjernarøy kyrkjelydar t.o.m. 31. juli - 23

**Sissel Bleie** - Kyrkjetenar 20% i Hesby og reinhaldar 20% Hesby og Talgje kyrkjelyd

**Tor Bjarne Flesjå** – Klokkar 23% Hesby kyrkjelyd

**Ragnhild Aandstad** – Kyrkjetenar i 7 % Talgje kyrkjelyd t.o.m. 1. sept. 2023

**John Sigmund Bjerga** – Kyrkjetenar 5,23% og klokkar 5,23% Halsnøy kyrkjelyd

**Irene Eide** – Reinhaldar på timer i Jørstad kyrkjelyd

**Anne Skogen** – Kyrkjetenar 10,06% Sjernarøy kyrkjelyd

**Kari Hidle** – Klokkar 10% Sjernarøy kyrkjelyd

**Morten Nedrebø** – Reinhaldar 7% Sjernarøy kyrkjelyd

**Eilef Gard** – Klokkar 3,5% Talgje kyrkjelyd


**Ann-Merethe Meling** - Klokkar 3,5% Talgje kyrkjelyd

**Dag Olav Sæbøvåg** – Kyrkjetenar 9,03% Fogn kyrkjelyd

**Vivian Bøe Djønne**- Reinhaldar 6% Fogn kyrkjelyd

**Bjarte Halsne** – Vaktmeister alle bygg 25 % frå og med 1. juni 2023

Vakant stilling i Jørstad kyrkjelyd som kyrkjetenar. Erlend Nes er fast vikar i denne stillinga. Vakant organiststilling Geir Eskeland er vikar, vakant kyrkjetenar Talgje Jostein Gard er vikar. (Vakant stilling 10 % klokkar Fogn.)



# *Meir himmel på jorda*

## Sokna sitt arbeid 2023

Det har vore eit aktivt år i sokna våre. Oppsluttinga til gudstenester og andre arrangement er nokså stabile. Med diakontenesta vår får me no gjort endå meir av tiltak retta utover og møte med folk. I haust var det kyrkjeval. Me takkar av dei soknerådsmedlemmene som har vore i perioden 2019 – 2023 og ser fram til mykje godt arbeid i sokneråda for perioden 2023 – 2027.

Det er eit stort restaureringsarbeid på Hesby kyrkje. Arbeidet skal vere ferdig til 2026.

Sjernarøy kyrkje har også fått ny kledning og er nymåla. Det er ny varme i kyrkjene på Talgje, Sjernarøy og Jørstad. På Fogn er det installert ny kjøle i bårerommet.

Me har felles heimeside for alle sokna finnoykyrkja.no og felles facebookside Kyrkja i Finnøy.



Det har vore totalt 39 dåp i sokna våre. Dei fleste var i Hesby med heile 24 dåpar. I fjor var det berre 3 vigslar, alle i Hesby sokn. Det var totalt 12 gravferder, ingen på Fogn og Talgje.

Våre sokn støttar U-kirken i Nygata økonomisk og støttar opp om arbeidet deira. Sjå heimesida ukirke.no

*Meir himmel på jorda*

# Hesby sokn



*Meir himmel på jorda*

# *Meir himmel på jorda*

## **Hesby sokn**

Hesby kyrkjelyd sin visjon er «Meir himmel på jorda».

Hesby kyrkjelyd har eit godt og breitt samarbeid med kristne lag og organisasjonar på Finnøy.

Soknerådet har hatt fem møte. Leiar fram til 1. okt. 2023 var Dorrit Vignes og nestleiar var Lars Rørtveit. Odd Bleie var soknerådet sin representant i Stavanger krk fellesråd. I ny soknerådsperiode er Tor Øyvind Skeiseid leiar, Heidi Kristin Urtegård nestleiar. Ho er også soknet sin representant i Stavanger krk fellesråd. Odd Bleie er vararepresentant til fellesrådet. Det nye soknerådet har hatt eit konstituerande møte og eit ordinært soknerådsmøte.

Hesby sokn har eit misjonsprosjekt som er knytt til blant anna Kjellfrid Eggebø frå Finnøy sitt arbeid for ILCT (Iraqw Language and Culture Trust) i Tanzania og Iraqw-folket og omsetting av Bibelen til deira eige språk. I tillegg blir det utført omfattande leseundervisning, i eit område med stor analfabetisme.

Soknerådet er svært glade for at Stavanger krk felleråd har prioritert arbeidet med restaurering av Hesby kyrkje, og at dette er så godt i gang. Restaureringsperioden er planlagt å vere ferdig til 2026. Kyrkja skal stengast 1. sept. 2024 – 1. okt. 2025 for å gjere kyrkja ferdig innvendig. Det er også ønskeleg å restaurere sakristiet. Me ser også behovet for ei oppgradering rundt kyrkja og på gravplassen. Det er dessutan behov for fleire parkeringsplassar.

Det er gudstenester i kyrkja annankvar sundag med eit godt oppmøte. Soknet har hatt ansvaret for bønesamlingar i kyrkja første onsdagen i månaden. Det har også vore tre kveldsgudstenester i lag med Fåtunet. På Finnøy har det vore eit Alphakurs som mange har delteke på, kor soknet har vore medarrangør.



# Meir himmel på jorda

Sokneprest Terje Engstrøm er aktivt med i Moment som er eit oppbyggeleg trustiltak for unge vaksne.

I mars var det to konsertar i kyrkja. Den eine var ved Chainbreakers, som er eit kor frå Bjerkeim. Den andre var ein påskekonsert ved General Forsamling. Randaberg mannskor hadde dessutan ein ettermiddagskonsert. Laurdag i palmehelga var det ein lokal påskekonsert. I august hadde Folk Brothers v/Oskar og Edvard Nordbø tomatfestivalkonserten i kyrkja. I desember var det julekonsert v/ Økland Schøld, samt lokal julekonsert 22. des. Soknerådet hadde to Me syng jula inn-arrangement. Ryfylke Livsgnist har hatt eit ope arrangement i kyrkja «Jul med Gustava». I tillegg har verksemda fleire guida turar innom kyrkja gjennom heile året.

Me har hatt open kyrkje nokre helger og kvardagar i sommar, med til dels godt oppmøte. 68 var innom totalt og me hadde ope to timer midt på dagen over 20 dagar. Det er ønske om at det blir jobba meir for å ha kyrkja open oftare på sommaren. I samband med krigen i Ukraina har me i kyrkja hatt ei ekstra samling med lystenning.

Babysong for alle sokna held til på biblioteket. Open Hall for ungdom som er i fleirbruksallen, er eit samarbeid mellom sokneråda. Her er det strengt tatt ei eiga ressursgruppe av frivillige vaksne, som tek ansvar for kveldane. Foreldre på ungdomsskuletrinnet er med som ansvarlege. Open Hall fungerer svært godt, og har godt besøk. Kyrkja har eit nært og godt samarbeid med sundagsskulen knytt opp til familiegudstenester. Påskevandringa på Nordre Vignes er eit veldig godt tiltak som samlar mange både lokale og tilreisande. I fjor vel 1400. Besøkstenesta i soknet har halde fram og alle DNK-medlemmer som har runde og halvrunde tal frå og med 80 år og oppover, får tilbod om besøk.

**OPEN  
KYRKJE**



DEN NORSKE KYRKJE  
Kyrkja i Finnøy

# Meir himmel på jorda

Trusopplærar har hatt samling for dei yngste i samband med utdeling av 4- og 5-års bok, samt ei samling for dei som er 2 år i forkant av hausttakkefesten. I tillegg har enkelte trinn vore inviterte til kyrkjekontoret for førebuing til gudstenester. Då har dei gjerne hatt forsongarteneste.



Me gler oss over det gode arbeidet til Finnøy og Talgje KM-speidarar. Speidarane samlar mange born og har no utvida sitt tilbod og har hatt ventelister for å vere med. Dei deltek i gudstenesta i Hesby x 1/år.



Me hadde to skulegudstenester knytt til julehøgtida, i tillegg til julevandring med Utsyn barnehage. Prestane har vore på skulebesøk i samband med Bibeldagen og hausttakkefesten. Trusopplærar har vore i Utsyn barnehage i samband med påske.

Sokneprest Terje Engstrøm legg jamt ut preiker knytt til preiketekstane på Hesby Media og han har også laga Hesby kyrkje si facebookside.

*Meir himmel på jorda*

# Sjernarøy sokn



*Velkommen til kyrkja*

# *Meir himmel på jorda*

## **Sjernarøy sokn**

Sjernarøy sokn består av Sjernarøyane og Ombo. Visjonen er "Velkommen til kyrkja". Det finst to kyrkjer; Sjernarøy kyrkje på Kyrkjøy, og Jørstad kyrkje på Ombo.

Soknerådet har hatt fem møte. Leiar var Kari Hidle og nestleiar Terje Hidle. Soknerådet sin representant i Stavanger krk fellesråd var Terje Hidle med Kari Hidle som vararepresentant.

Etter kyrkjevalet heldt Kari Hidle fram som leiar, Ragnhild Frøyland er nestleiar og Håkon Arne Eide er soknet sin representant i Stavanger krk fellesråd med Sissel Haavik Vadla som vararepresentant.

Det nye rådet har hatt eit konstituerande møte og eit ordinært soknerådsmøte.

Soknet har eit misjonsprosjekt som er knytt opp mot NMS sitt arbeid på Madagaskar. Soknet støttar også Kirkens SOS og er medlem der, sjå eiga årsmelding.

## **Jørstad kyrkjelyd**

Jørstad er ein liten, men trufast kyrkjelyd med gudsteneste ca 1/mnd. Det er gledeleg at folk sluttar opp om gudstenester, dugnader og barneglede. Dette viser at folk er glad i kyrkja si og arbeidet der. Fellesrådet har skifta ut dei gamle røyromnane i kyrkja med nye omnar. Det er også arbeid i gang med å oppgradere kjøkken og behovet for eit nytt toalett. Barneglede er eit kor for dei yngste barna som øver i kyrkja ca. annakvar veke og er om lag ti barn. Det er også anna kristent arbeid gjennom barnelaget Awana.

Me har arrangert formiddagstreff to gonger i semesteret på Ombo grendahus i lag med Helselaget. Dette er eit veldig kjekt tiltak og har fast oppslutnad. Brenda og Ingvild har vore med der. Jørstad kyrkje har eiga Facebookside der gudstenester og evt. andre arrangement blir delte.

Sarepta har lånt kyrkja til to møte i haust. Lokale krefter arrangerte Me syng julia inn med godt oppmøte.

# Meir himmel på jorda

Me hadde skulegudsteneste til jul og trusopplærar har hatt samlingar for barn i samband med hausttakkefesten. Reidun og Ingvild besøker også Barneglede ved høve. Prestane har vore på skulebesøk i samband med Bibeldag og hausttakkefest.

## Sjernarøy kyrkjelyd

Det er gudstenester ca 1/mnd. Nokre gudstenester med svært godt oppmøte, andre gonger langt færre. Det er fint å registrere at dei som har hytter også kjem til gudsteneste.

Kyrkja er blitt måla i 2023 og det er ferdigstilt arbeid med ny kledning der det var behov.

Kyrkjelyden arrangerte Me syng jula inn med bidrag frå Hanne Vasshus, Sigbjørn Høidalen, Sabrina og Morten Nedrebø. Det er arrangert fire føremiddagstreff på Helgøysund Bedehus med 7–15 deltagarar. Me gler oss over at me har eit barnelag i Sjernarøyane og har deltagarar frå 0-15 år, dei yngste i lag med vaksne. Trusopplærar har hatt samling med dei yngste i samband med hausttakkefesten. Roturen blei i år gjennomført 3. juni. Ungdommane som var med rodde frå Nord Hidle via Aubøsund til Eik, der me avslutta med ei gudsteneste i Sjernarøy kyrkje. Dette tiltaket er støtta av Færingssongarane v/Terjer Hidle. Me har starta med besøksteneste til jubilantar som fyller 80, 85 og oppover. Det er Ingvild som administrerer besøka og får med seg lokale frivillige til besøk.



# Meir himmel på jorda



Me har hatt felles barnehage – og skulegudsteneste før jul. Prestane har vore på skulebesøk i samband med Bibeldag og hausttakkefest. Reidun og Ingvild har vore på skulebesøk og hatt julevandring med klassane.

Organisasjonen Sarepta har lånt kyrkja til ei møtehelg i vår og eit kveldsmøte i haust.



*Meir himmel på jorda*

# Talgje sokn



*Meir himmel på jorda*

-ei kyrkje som bryr seg, inspirerer og  
inviterer til tru og teneste

# *Meir himmel på jorda*

## Talgje Sokn

Består av **Talgje kyrkjelyd** på øya Talgje, **Fogn kyrkjelyd** på øya Fogn med Bokn, Byre og Måløy, og **Halsnøy kyrkjelyd** på øya Halsnøy. Visjonen er *Meir himmel på jord – ei kyrkje som bryr seg, inspirerer og inviterer til tru og teneste.* Utanom arbeidet og trusopplæringa som blir drive av kyrkja, blir det drive mykje arbeid blant både vaksne, barn og unge på alle øyane i regi av bedehuset og frivillige. Kyrkja ønsker godt samarbeid med lokale, frivillige og organisatoriske krefter.

Soknet har eit misjonsprosjekt i Misjonsalliansen (sjå side 26). Talgje sokn er medlem i Kirkens SOS – sjå eiga årsmelding.

Soknerådet har hatt fem møte. Leif Kolnes har vore leiar og Eilef Gard nestleiar. Eilef Gard var soknerådet sin representant i Stavanger krk fellesråd.

Etter kyrkjevalet er Eilef Gard leiar og Margunn M. Hovda nestleiar. Ottar Sandanger er soknet sin representant i Stavanger krk fellesråd, Terje Kjølvik er vararepresentant.

Det nye rådet har hatt eit konstituerande møte og eit ordinært soknerådsmøte.



# *Meir himmel på jorda*

## **Fogn kyrkjelyd**

Det har vore 16 gudstenester, inkludert utegudstenester i Eidsvåg og på Byre. Det er trufast og stabilt oppmøte. Fogn kyrkje har ein ansvarskomité, som blant anna har ansvaret for å fordele praktisk arbeid i kyrkja, inkl. kyrkjekaffien. Målet er også å lage møteplassar, arrangere møte og konserter. Det er barnekor og eit tilbod til dei yngste barna Hobby og tru.

Fogn kyrkje har også i år vore plassen for trusopplæringstiltaket Lys Vaken for 6. klasse.

For vaksne er det torsdagskafé med vaflar og kaffi. I tillegg har det vore prosjektkor. I lag med lokale initiativtakrarar arrangerte me også i år friluftsgudsteneste på Byre.

Det var julevandring med barnehagen og skulegudsteneste for skulen før jul. Prestane har vore på skulebesøk i samband med Bibeldagen og hausttakkefesten. Ingvild har hatt samling med dei yngste barna i samband med hausttakkefesten.

Me har hatt to store kulturarrangement i vår i regi av Svein Østhush. Mange folk kom og det blei sendt eit stort overskot til hjelpearbeid i Ukraina. Sjå elles eigen rapport frå ansvarskomiteen.



Bilete frå  
friluftsgudstenesta  
på Byre.

# Meir himmel på jorda

## Halsnøy kyrkjelyd

Gudstenestene (12 i talet) har gjennom året vore stabilt besøkte. Det er kyrkjekaffi etter gudstenesta. Halsnøy har vore og er framleis vertskap for trusopplæringsprosjektet "Pinse for alle", som rettar seg mot fjerde klassingar i heile Finnøy kommunedel. Lokale krefter har vore aktivt med. Trusopplærar har hatt samling med dei yngste barna knytt til hausttakkefesten. Kyrkja har eit godt samarbeid med bedehuset og organisasjonane på Halsnøy, blant anna gjennom annonsering av gudstenester og andre samlingar på fb Halsnøy bedehus.

Det har vore kjekt med føremiddagstreff på Halsnøy bedehus. Me har hatt fire gonger og Brenda og Ingvild har vore med i tillegg til lokale pådrivarar. Det har vore godt oppmøte, og tilbodet blir sett pris på.



# *Meir himmel på jorda*

## **Talgje kyrkjelyd**

Det har vore 16 gudstenester på Talgje, dette inkluderer speidargudsteneste og ei lekgudsteneste ved lokale krefter første sundag i advent. Gudstenestene er stabilt godt besøkte. Det har vore barn og andre med som medliturgar i gudstenestene. Det er også verd å merke seg at når det er gudsteneste på Talgje kjem det som oftast folk frå Finnøy. Det plar vere kyrkjekaffi etter gudstenestene.

Ein sundag i månaden har ein lokal komité ansvar for kveldsbøn i kyrkja. Dei gamle stolane som var igjen, har folk kjøpt og det er kome inn dryge 30 000,-

Det blei arrangert ein konsert til inntekt for hjelpearbeid i Ukraina. I tillegg hadde Kristina Vårlid konsertar i juli. Det var også ein konsert v/ Jone Ølberg i vår. Øya har to husgrupper tilknytt kyrkja. Finnøy og Talgje KM speidarar har hatt ei gudsteneste i kyrkja. Me gler oss stort over det arbeidet som blir drive.

Det var påske- og juletilstelling i kyrkja med barnehagen på Talgje. Trusopplærar hadde samling med dei yngste barna knytt til hausifikfesten.

Talgje kyrkje er open og har jamt besøk utanom gudstenester og faste arrangement.



# *Meir himmel på jorda*

## **Statistikk 2023** (sundagsgudstenester er alt som skjer av store og små gudstenester i helg og heilagdagar)

### **Hesby sokn:**

**Dåp:** **24 i 2023** (20 i 2022, 16 i 2021, 14 i 2020, 13 i 2019, 21 i 2018, 18 i 2017, 26 i 2016, 21 i 2015, 22 i 2014)

**Konfirmerte:** **18 i 2023** (19 i 2022, 10 i 2021, 15 i 2020, 19 i 2019, 25 i 2018, 24 i 2017, 26 i 2016, 28 i 2015, 24 i 2014)

**Vigslar:** **3 i 2023** (6 i 2022, 5 i 2021, 3 i 2020, 6 i 2019, 2 i 2018, 5 i 2017, 10 i 2016, 2 i 2015, 9 i 2014)

**Gravferder:** **5 i 2023** (19 i 2022, 12 i 2021, 8 i 2020, 15 i 2019, 13 i 2018, 13 i 2017, 13 i 2016, 9 i 2015, 8 i 2014)

**Totalt tal gudstenester:** **52 i 2023** (40 i 2022, 38 i 2021, 48 i 2020, 52 i 2019, 45 i 2018, 47 i 2017, 49 i 2016, 54 i 2015, 54 i 2014)

**Snitt tal på gudstenestene:** **80,5 i 2023** (85,7 i 2022, 55,9 i 2021, 43,5 i 2020, 71,8 i 2019, 92,2 i 2018, 98 i 2017, 88,7 i 2016, 91 i 2015, 97 i 2014)

**Sundagsgudstenester:** **34 i 2023 med snitt 101** (28 i 2022 med snitt 100, 34 i 2021 med snitt 60,7, 27 i 2020 med snitt 61,6 ,104,3 i 2019, 124,6 i 2018, 124,6 i snitt i 2017, 115 i snitt i 2016, 110 i snitt i 2015)

**Tal nattverdsgudstenester :** **14 i 2023** (11 i 2022, 9 i 2021, 13 i 2020, 17 i 2019, 17 i 2018, 24 i 2017, 20 i 2016, 22 i 2015, 18 i 2014)

**Totalt tal på nattverdsgjestar:** **1072 i 2023 76,5 i snitt** (950 i 2022 86 i snitt, 469 i 2021, 52 i snitt, 702 i 2020, 54 i snitt, 1234, 72,5 i snitt i 2019, 1258, 74 i snitt i 2018, 2164, 90,2 i snitt i 2017, 1570, 78,5 i snitt i 2016, 1721, 78 i snitt, 1386 snitt på 77 i 2014)

**Utmeldingar:** **4 i 2023** (2 i 2022, 6 i 2021, 6 i 2020, 4 i 2019, 7 i 2018, 9 i 2017, 15 i 2016, 1 i 2015, 0 i 2014)

**Innmeldingar:** **4 i 2023** (1 i 2022, 0 i 2021, 2 i 2020, 2 i 2019 (1 i 2018, 2 i 2017)

# *Meir himmel på jorda*

## **Sjernarøy sokn:**

**Dåp:** **9 i 2023** (4 i 2022, 4 i 2021, 6 i 2020, 6 i 2019, 5 i 2018, 5 i 2017, 10 i 2016, 8 i 2015, 12 i 2014)

**Konfirmerte:** **3 i 2023** (4 i 2022, 3 i 2021, 2 i 2020, 6 i 2019, 4 i 2018, 9 i 2017, 6 i 2016, 5 i 2015 0 i 2014)

**Vigslar:** **0 i 2023** (2 i 2022, 4 i 2021, 2 i 2020, 2 i 2019, 6 i 2018, 2 i 2017, 5 i 2016, 1 i 2015, 0 i 2014)

**Gravferder:** **5 i 2023** (5 i 2022, 7 i 2021, 7 i 2020, 4 i 2019, 8 i 2018, 4 i 2017, 13 i 2016, 7 i 2015, 9 i 2014)

**Totalt tal gudstenester:** **29 i 2023** (27 i 2022, 20 i 2021, 24 i 2020, 29 i 2019, 28 i 2018, 27 i 2017, 30 i 2016, 33 i 2015, 30 i 2014)

**Snitt tal på gudstenestene:** **39,7 i 2023** (33,4 i 2022, 31 i 2021, 29,6 i 2020, 41,9 i 2019, 39,6 i 2018, 50,5 i 2017, 53,9 i 2016, 52,3 i 2015, 46,3 i 2014)

**Snitt tal på sundagsgudstenester i soknet:** **40,5 i 2023** (33,8 i 2022, 31,5 i 2021, 30,35 i 2020, 41 i 2019, 38,6 i 2018, 49,8 i 2017, 54,2 i 2016, 46 i 2015)

**Tal nattverdsgudstenester :** **12 i 2023** (13 i 2022, 6 i 2021, 6 i 2020, 14 i 2019, 12 i 2018, 10 i 2017, 8 i 2016, 6 i 2015, 10 i 2014)

**Totalt tal på nattverdsgjestar :** **177 i 2023, snitt 14,75** (228 i 2022, snitt 17,5, 92 i 2021, snitt 15, 83, snitt 13,8, 247, snitt 17,6 i 2019, 145, snitt 12,1 i 2018, 224, snitt 22,4 i 2017, 157, snitt 19,6 i 2016, 100 snitt 16,6 i 2015, 144, 14,4 i snitt 2014)

**Utmeldingar:** **0 i 2023** (1 i 2022, 1 i 2021, 0 i 2020, 0 i 2019, 1 i 2018, 2 i 2017, 4 i 2016, 0 i 2015, 1 i 2014)

**Innmeldingar:** **1 i 2023** (0 i 2022, 0 i 2021, 0 i 2020, 1 i 2019)

# *Meir himmel på jorda*

## **Talgje sokn:**

**Dåp:** **6 i 2023** (9 i 2022, 7 i 2021, 5 i 2020, 4 i 2019, 6 i 2018, 8 i 2017, 12 i 2016, 12 i 2015, 8 i 2014)

**Konfirmerte:** **8 i 2023** (16 i 2022, 11 i 2021, 8 i 2020, 8 i 2019, 7 i 2018, 10 i 2017, 9 i 2016, 7 i 2015, 6 i 2014)

**Vigslar:** **0 i 2023** (6 i 2022, 4 i 2021, 0 i 2020, 0 i 2019, 2 i 2018, 1 i 2017, 2 i 2016, 3 i 2015, 5 i 2014)

**Gravferder:** **2 i 2023** (4 i 2022, 4 i 2021, 7 i 2020, 3 i 2019, 4 i 2018, 5 i 2017, 5 i 2016, 3 i 2015, 5 i 2014)

**Totalt tal gudstenester:** **52 i 2023** (55 i 2022, 42 i 2021, 52 i 2020, 66 i 2019, 62 i 2018, 61 i 2017, 59 i 2016, 65 i 2015, 51 i 2014)

**Snitt-tal på gudstenestene:** **47 i 2023** (55,3 i 2022, 45,1 i 2021, 42,4 i 2020, 43,9 i 2019, 50 i 2018, 56,8 i 2017, 60,7 i 2016, 48 i 2015, 57,3 i 2014)

**Totalt tal sundag/helgedag GT:** **49 i 2023 med snitt på 47,9** (44 i 2022 med snitt på 62,75, 40 i 2021 med snitt på 46,3, 37 i 2020, 43 med snitt på 51,2 i 2019, 43 med snitt på 58 i 2018, 43 med snitt på 67,2 i 2017, 41 med snitt på 71,5 i 2016, 41stk med snitt på 55 i 2015)

**Tal nattverdsgudstenester:** **24 i 2023** (18 i 2022, 8 i 2021, 14 i 2020, 27 i 2019, 30 i 2018, 30 i 2017, 19 i 2016, 25 i 2015, 24 i 2014)


**Totalt tal på nattverdsgjestar:** **897 med snitt 37,4 i 2023** (654 med snitt 36,3 i 2022, 247, snitt 30,8 i 2021, 457, snitt 32,6 962, snitt 35,6 i 2019, 1005, snitt 33,5 i 2018, 1248, snitt 41,6 i 2017, 977, snitt 51,4 i 2016, 842 33,7 i snitt i 2015, 949 ,39,4 i snitt i 2014)

**Utmeldingar:** **0 i 2023** (0 i 2022, 4 i 2021, 2 i 2020, 6 i 2019 (0 i 2018, 16 i 2017, 29 i 2016, 0 i 2015, 1 i 2014)

**Innmeldingar:** **4 i 2023** (1 i 2022, 0 i 2021, 0 i 2020, 1 i 2019, 1 i 2018)

# Meir himmel på jorda

## Trusopplæringstiltak – sjå eigen trusopplæringsrapport



STØRST AV ALT

**0-1 år** Dåpssamtalar, dåp og babysong

**1-3 år** Samling i kyrkja for å lære kveldsbøner, med utdeling av materiell, og invitasjon til Gudsteneste. I Hesby sokn er det samling for to-åringane.

**4 år:** 4 års bok – Samling i kyrkja i forkant av ei gudsteneste der dei får utdelt ein barnebibel.

**5 år:** Utdeling av aktivitetsbok på ei samling i kyrkja i forkant av ei gudsteneste. I lag med fire-åringane. I Talgje og Sjernarøy sokn har me ei felles samling for 1–5 år.

**6 år:** 1. klasse på Finnøy blir invitert til haustattakkefest og får ei Bibelbok. Dei får også skulebesøk. På dei andre øyane blir 6- 9 år (1-4 kl.) invitert i lag og får ulike bøker / CD kvart år i haustattakkefesten i kyrkja. Dei får også felles skulebesøk.

**7 år:** Invitasjon til Påskevandring på Finnøy, samt utdeling av påskebok. Dette er eit samarbeid med Sundagsskulen på Finnøy.

**8 år:** Tårnagenthelg. Borna får lære om kyrkja, misjon og Bibelen på ein spanande måte.

**9 år:** Pinsevandring på Halsnøy, Samling som varer i tre timer, der dei får lære pinsehistoria i ord og handling. Avslutta med grillfest.

**10 år:** Utdeling av Godt nytt. Skulebesøk og innbyding til Bibeldagen i kyrkja.

**11 år:** Lys vaken. Eit døgn der me blir lys vakne for den verdsvide kyrkja og dei rundt oss. Førebuing til og aktiv deltaking i gudsteneste. Arrangert i Fogn kyrkje.

**12 år:** Rotur frå Talgje til Sjernarøy med overnatting på Emmaus. Roturen har som tema å lære om liturgien i kyrkja. Samarbeid med Færingsongarane.

**13 år – 18 år:** Open Hall Ca 16 fredagskveldar i løpet av året med fokus på samvær, ballaktivitet og andakt.

**14 -15 år** Konfirmasjon. Meir om Konfirmasjon neste side.

**15 år** Ungdomsalpha. Invitasjon til to samlingar på kyrkjekontoret.

# *Meir himmel på jorda*

## **Konfirmasjon**

Prestane Terje Engstrøm og Ola Aasland Vold har hatt hovudansvaret for konfirmantopplegget i samarbeid med andre i staben og frivillige. Det er fleire frivillige som har heimegruppene. Tusen takk for at de opnar heimane til dette. Det har vore weekend på Furutangen. Den årlege fasteaksjonen blei stort sett utført med stand ved butikkane. Konfirmantane deltek på totalt 8 gudstenester, der konfirmantane ofte er med på konkrete oppgåver. Vi viser til Konfirmasjon i Finnøy på Facebook og heimesida for konfirmantane for meir informasjon [www.kyrkja.com](http://www.kyrkja.com) Konfirmantavgifta er kr 750,- inkludert weekend. Opplegget i konfirmanttida er i stor grad subsidiert av kyrkjelydsmidla.

Sokneråda har vedteke å kjøpe inn ein del nye konfirmantkapper.



Konfirmantar i Hesby  
kyrkje 2023

# *Meir himmel på jorda*

## **Diakoni**

I 2023 blei det tilsett diakonmedarbeidar i full stilling i kyrkja i Finnøy. Diakonen leier felles diakoniutval for Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn. Utvalet, i samarbeid med diakon, har vidareutvikla plan for diakoni i Finnøy, utforma mandat for diakoniutvalet (godkjent av sokneråda). Fleire tiltak er sett i verk- både enkeltiltak og rullerande tiltak. Samarbeid med andre lag og organisasjonar er vidareutvikla. Utadretta medarbeidar er også med i dei diakonale tiltaka, besøksteneste til jubilantar i Hesby sokn, babysong, formiddagstreff på Sjernarøy, Ombo og Halsnøy, julegåveaksjonen med meir. Julegåveaksjonen er eit samarbeid med Finnøy Frivilligsentral.

Nye tiltak som er sett i gang i 2023 er songstunder på Finnøy helse- og omsorgssenter, ved diakon og organist. Dei besøkjer to avdelingar med song og spel og lesing frå Bibelen ein gong i månaden.

Formiddagstreff på Fåtunet, om lag ein gong i månaden har også vore vellukka. Diakon har ansvar for samlingane, song, quiz, kort og visuell formidling og enkel servering. Vi er i gang med å utvikla samarbeid med Fåtunet som deltok mellom anna på hausttakkefest i St. Petri og på Julefeiringa på innbyggartorget. Å besøkje jubilantar i Sjernarøy og Talgje sokn er starta opp i 2023, etter ønske frå sokneråda. Det er etablert ressursgruppe for besøkstenesta på Ombo og Sjernarøy, og alle øyane har fått denne tenesta godt i gang.

Uteprat er eit nytt tilbod i Finnøy. Diakonimedarbeider inviterer til uteprat, eit gratis og uforpliktande tilbod til alle. Det er også mogleg å ta kontakt for inneprat, med prestar og diakon. Turgruppe i Teigen er eit rullerande tiltak, sett i verk siste året. Der går turgruppa ein roleg tur i skogen, pratar om laust og fast, og har pause med kaffi på benken etterpå.

Språkkafé på Fogn annakvar veke er etablert hausten 2023, i samarbeid med helselag og frivilligsentralen. Her er mange delaktige med ulike oppgåver. Enkeltiltak i løpet av året har vore Julefest for ukrainske innbyggjarar på Utsyn, minnestund etter 1 år med krig i Ukraina på innbyggartorget på Judaberg, sommarfest i inkluderingsarbeidet, Mini Alpha kurs for 10.klasse og Julefeiring på innbyggertorget like før jul. Mange arrangement er i samarbeid med frivilligsentralen. Diakoni, gudstenester og trusopplæring går saman, me drar veksel på kvarandre og er med i ulike tiltak i samarbeid, td konfirmantar, Open hall og Rotur.

# *Meir himmel på jorda*

## **Misjonsprosjekt i sokna våre:**

### **Sjernarøy sokn:**

Støtter Misjonsselskapet sitt arbeid på Madagaskar, til utdanning av lokale evangelistar. Det vart samla inn kr 4993,- til Misjonsprosjektet.

### **Talgje sokn:**

Misjonsprosjektet er Misjonsalliansen sitt arbeid i Ecuador. Hovudsakleg er arbeidet knytt til hamnebyen Guayaquil. Her bur det ca 500 000 menneske. «Arbeidet vårt i lokalsamfunnene fokuserer på familierelasjoner, fritidsaktiviteter, og verdier, helsearbeid, inkluderende utdanning, forebedring av familieøkonomi, klima og miljø, rettighetsarbeid og menighetsarbeid» (henta frå misjonsalliansen.no) Soknet har eit mål om å samle inn kr 50 000,- pr år. I 2023 klarte me kr 51 555,- kor 18 650,- av desse pengane er frå basarkveld i Fogn kyrkje. Det andre er innsamla i takkoffer.

# Meir himmel på jorda

**Hesby sokn:** Kjellfrid Eggebø frå Finnøy, har arbeidd for ILCT (Iraqw Language and Culture Trust) og vore fleire gonger i i Tanzania. Iraqw-folket og språket deira har ikkje hatt gode kår i Tanzania. Men takka vere den entusiastiske og sjølvoppofrande innsatsen til Frøydis Nordbustad frå Tysnes, fekk dei i 2004 Bibelen på sitt eige språk. Dette er verkeleg eit stort løft for dette folket og identiteten deira. I 2005 blei ILCT stifta. Dei har leseopplæring for Iraqw-folket som hovudoppgåve. Kjellfrid har vore med på språkopplæring. Dei flinkaste elevane blir lærte opp så dei sjølv kan vere lærarar.

Dei som deltek i undervisninga kan verken lese eller skrive frå før. Det gjev store resultat. ILCT driv ikkje med bibelundervisning eller kyrkjelydsarbeid direkte, men dei samarbeider med dei kristne kyrkjene i den delen av landet der Iraqw-folket bur.



Leseopplæring for analfabeter.

For å vekke interesse for leseopplæringa, viser dei gjerne ein film ute på eit torg eller ein annan høveleg plass. Ein Jesusfilm er veldig populær. Då får dei kontakt med folk og oppmuntrar dei til å bruke sitt eige språk og lære å lese dette. Hesby sokneråd har vald ILCT som sitt misjonsprosjekt for ein periode. I 2023 har kyrkjelyden samla inn kr 46 235,- Dette er ein solid auke frå året før.

# *Meir himmel på jorda*

## **Sokneråd 2023-2027**

### **Hesby sokneråd**

Faste medlemmer:

1. Tor Øyvind Skeiseid
2. Heidi Kristin Urtegård
3. Solfrid Sevheim Haga
4. Dorrit Vignes
5. Brit Leikvoll Børresen Idsøe
6. Odd Birger Bleie

Varamedlemmer:

1. Ina Oline Halleland
2. Kristoffer Vatnaland Flesjå
3. Olav Reilstad
4. Arne Nordbø
5. Anna Lauvsnes

### **Sjernarøy sokneråd**

Faste medlemmer:

1. Kari Hidle
2. Håkon Arne Eide
3. Sissel Haavik Vadla
4. Ragnhild Frøyland
5. Else Norheim
6. Benny Tysdal Helgeland

Varamedlemmer:

1. Grete Hiim
2. Beate Hauge Østlund
3. Anne Skogen

### **Talgje sokneråd**

Faste medlemmer:

1. Eilef Johan Gard
2. Terje Kjølvik
3. Ingrid Eiane Setvik
4. Beate Steinsvik Jansen
5. Ottar Sandanger
6. Anita Fjukmoen
7. Margunn Madsen Hovda
8. Merete Meling Kindingstad

Varamedlemmer:

1. Jon Fredrik Hartvedt
2. Else Jorunn Løland
3. Sofie Bjerga Roth
4. Jon Olav Runestad
5. Aslaug Søyland Lorentzen